

Kort innføring i praktisk bruk av Samhandlingsbarometeret

Samhandlingsbarometeret er ein nettstad som skal gjere kunnskap tilgjengeleg for kommune- og spesialisthelsetenesta i Helse Vest og Helse Nord, og styrke grunnlaget for samarbeid mellom tenestenivåa. Nettstaden er under kontinuerlig oppdatering og utvikling. Presentasjonsverktøyet er basert på programmet Nesstar Publisher som også fleire nasjonale institusjonar bruker, t.d. Folkehelseinstituttet (FHI).

Under har vi samla litt grunnleggande informasjon om praktisk bruk av systemet. Kontakt oss gjerne ved spørsmål og/eller dersom noko er uklart. samhandling@helse-forde.no

A) Søk opp *Samhandlingsbarometeret.no*



Samhandlingsbarometeret - samhandling og styringsinformasjon
Samhandlingsbarometeret er ein nettstad som skal gjere kunnskap tilgjengeleg for kommune- og spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane, og styrke grunnlaget for samarbeid mellom tenestenivåa. Nettstaden vil vere under kontinuerlig utvikling og innehalde data og prosjekterarbeid av og i frå kommunane og Helse Førde.

Start ved å gå inn på menyvalet til venstre
Velg statistikkområde og deretter indikator frå menyen. Du kjem då inn på ei side med ulike val.
Under fana definisjonar finn du ei skildring av indikatoren, kva kjelder den bygger på, når indikatoren vert oppdatert med nye, kjennetegn til kva statistikken bygger på, er vesentleg for å få ei korrekt tolking av statistikken.
Under fana statistikk vil du finne talmateriale for dei ulike indikatorene. Talmaterialet kan presenterast både i tabellform, søyldiagram, på kart og gjennom tidslinjer, ut frå val i menylinja til høgre for fanene.
Du kan endre kva kommune eller årstal du vil sjå på ved å 'endre utval' i nedtrekkmenyane.

Bruk av nettsida
Statistikk som bygger på individdata og er knytt til små einingar kan gi store og tilfeldige variasjonar i talmaterialet. Tolkning av talmaterialet må gjerast i lys av dette. Tekst, tabellar og figurar frå nettsida Samhandlingsbarometeret kan fritt legast, skrive ut og vidareformidlast. Dersom dette vert gjort skal kjelde bli oppgitt. Vi tek ikkje ansvar for eventuell feilbruk av statistikken.

Aktuelle nettstader
Ny nettside knytt til Samhandlingsbarometeret for Sogn og Fjordane!
På sida vil vi fortelje om oppdateringar og endringar i barometeret og om relevante samhandlingstema. Du vil også finne fag- og forskingsartiklar og sentrale dokument på folkehelseområdet.
SISTIA
Folkehelseinstituttet - statistikkbank
Helseledertorstat
Sogn og Fjordane fylkeskommune - fylkesoppeleien
Helse Førde og kommunale heimesider finn du under menyvalet Aktuelle dokument.

B) **Finn indikator:** Sjå på føretaksområda til venstre (under logoen): Velg t.d. Helse Førde (Sogn og Fjordane), og bildet vert slik:



- HELSE VEST
 - Helse Stavanger
 - Helse Fonna
 - Helse Bergen og Haraldsplass
 - Helse Førde (Sogn og Fjordane)
 - Samhandlingsdata
 - Spesialisthelsetenesta
 - Kommunehelsetenesta
 - Folkehelse
 - Demografi
 - Utgått(arkiv)
- HELSE NORD
 - Finnmarkssykehuset
 - Universitetssykehuset Nord-Norge
 - Nordlandssykehuset
 - Helgelandssykehuset

Her er det ei inndeling av tabellane i hovudkapitla **Samhandling, Folkehelse, Demografi, Kommunehelse og Specialisthelse**. Det kan hende at ein må leite under fleire hovudkapittel for å finne det aktuelle emnet/ spørsmålet ein er ute etter å sjå data på.

Dersom ein trykker på + teiknet framfor eit av hovudkapitla kjem dei ulike tema (datasett/indikatorar) fram (desse er då markert med eit tabell-ikon framfor seg). Vi ser på **Samhandlingsdata**:

- HELSE VEST
- Helse Stavanger
- Helse Fonna
- Helse Bergen og Haraldsplass
- Helse Førde (Sogn og Fjordane)
- Samhandlingsdata
 - Reinnleggelseslister innen 30 dager
 - Utskrivningsklare pasienter
 - Pasientreiser kommunalt
 - Innleggelseslister i sjukehus, fordelt på fagområder (I014-N14)
 - Liggedøgn i sjukehus, fordelt på fagområder (I013-N14)
 - Medisinske Akuttinnleggelseslister (Medisinske DRG)
 - Medisinske akutte korttidsinnleggelseslister (0-2 døgn, medisinske DRG)
 - DRG-forbruk pr. kommune
 - Liggedøgn for utskrivningsklare pasienter (Fakturerbare)
- Tilvisingar
 - Primærttilvising til innlegging som ø-hjelp (I005)
 - Primærttilvising til poliklinikk (I006)
 - Primærttilvising til innlegging, ø-hjelp, utvalde fagområder (I007)
 - Primærttilvising til poliklinikk, ulike fagområder (I008)
 - Tilvising til poliklinikk pr fastlege
 - Tilvising til innlegging per fastlege
 - Pasientreise til eller frå sjukehus

Når du «opnar» denne kjem indikatorane opp. Når du trykker på den indikatoren/variabelen du vil sjå på, kjem data for kommunar, føretak og oftast også nasjonalt nivå opp.

Vi ser t.d. på variabelen **Tilvisingar > Primærttilvising til poliklinikk** (som er omfanget av tilvisingar frå kommunane inn til poliklinikk i spesialisthelsetenesta):

DEFINISJON STATISTIKK

Datasett: Primærttilvising til poliklinikk (I006)

Rate per 1000 innbyggjarar NB! Alle rater er rekna om til 1-års rate.

Kommune: Blandet År-Tertial: År Helseforetak: Helse Førde Måltall: Tilvising, både ø..hjelp og elektive

År-Tertial	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Kommune										
Sogn og Fjordane	411	442	449	475	484	495	482	476	485	472
Askvoll	385	440	447	482	500	490	484	441	522	517
Aurland	269	307	319	293	330	297	304	325	302	328
Balestrand	395	443	404	445	521	606	435	446	496	485
Bremanger	542	522	462	539	507	535	524	491	554	553
Eid	408	408	396	405	426	372	412	414	428	416
Fjaler	394	382	377	463	472	507	417	458	428	404
Flora	402	437	459	456	445	495	477	479	503	501
Førde	510	541	535	574	553	571	548	554	543	532
Gaular	399	443	490	520	510	506	477	469	494	563
Gloppen	436	477	481	558	558	588	632	549	540	522
Gulen	238	225	304	309	307	273	273	230	177	138
Hornindal	368	368	359	365	300	265	260	269	245	228

C) **Informasjon om indikatoren:** Ofte er det lurt å sjå nærare på informasjonen om bakgrunnen for indikatoren, og kvar tala er henta frå. Trykk på «DEFINISJON» oppe til venstre.

Mange indikatorar i Samhandlingsbarometeret er vist i **rate pr. 1000 innbyggjarar**, dvs. andel i høve til folketalet i kommunen eller fylket samla sett. Dette vil vere opplyst heilt øvst når ein opnar indikatoren. Når ein ser på rate blir det mulig å samanlikne t.d. små og store kommunar med kvarandre.

D) **Sortere tala:** Om ein ønskjer å sjå kor eigen kommune ligg an i høve til dei andre kan det vere praktisk å sortere tala, t.d. frå lågaste til høgaste verdi. Trykk på den blå ruta for årstalet ein er interessert i, og det kjem fram svarte piler og sorteringsvala «stigande» eller «synkende».

Samla DRG-poeng i spesialisthelsetenesta fordelt på bustadkommune. NB! Alle rater er rekna om til 1-årsrate.

Geografi: Blandet | Periode: aar | HF: Alle HF | Alder: AlleA | Måltall: DRG pr.1000 innbygger


Periode	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Norge	264	267	272	274	278	277	280
Helse Vest	255	257	263	266	270	270	272
BoOmr: Helse Stavanger HF	224	230	234	233	244	246	250
1101 - Eigersund	261	259	263	263	289	269	272

E) Bruk av verktøylinjene

Verktøylinja finn du øvst til høgre når du opnar indikatoren. Her i forstørtra utgåve:




1. **Tabellform** (default): Dette er standardvisinga som kjem automatisk opp fyrst
2. **Søylediagram**: Dersom ein skal presentere resultat er dette ofte eit aktuelt val. Men det er då viktig å velge ut eit konkret år (evt. tertial) som ein vil presentere resultat frå. Eksempel under:



Det er også eit alternativ å flytte heile tabellen over i **Excel** og bruke presentasjonar derifrå der både utsjånad på figurar og andre funksjonar er fleire.


3. **Linjediagram**. Desse er særleg eigna til å vise **utvikling over tid**. Dersom denne visninga skal vere råd å lese på ein god måte, må ein avgrense talet på kommunar (evt. fylke) til 3-4, altså dei ein er mest interesserte i å samanlikne seg med, evt. høgaste og lågaste (sjå seinare om utvelging, punkt F).

Eksempel:



Her er gjennomsnittet for Opptaksområdet for UNN og tre utvalgte kommunar: Harstad, Skånland og Bardu. Igjen kan ein alternativt gjere dette i Excel.

- 5 **Kartpresentasjon:** Dette er ei presentasjonsform som blir brukt i stadig fleire samanhengar. Kartet viser kommunane med tal og fargeintensitetar avhengig av kor stort omfanget er for tilvisingar frå kommunane i det aktuelle året (2018 her). Denne funksjonen kan ikkje utførast i Excel.



- 6 **Oppdater:** Ved å bruke denne kjem ein tilbake til den opprinnlege tabellen (defaultvalet).

- 7 **Excel:** Dette valet eksporter tabellar over til Excel, og er ein nyttig funksjon for vidare bearbeiding, analysar og presentasjonar. For dei som er kjent med bruken av Excel vil dette ofte vere det beste alternativet.

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
11 Sogn og Fjordane	411	442	449	475	484	495	482	476	485	472
12 Askvoll	385	440	447	482	500	490	484	441	522	517
13 Aurland	269	307	319	293	330	297	304	325	302	328
14 Balestrand	395	443	404	445	521	606	435	446	496	485
15 Bremanger	642	522	462	539	507	535	524	491	554	553
16 Eid	408	408	396	405	426	372	412	414	428	416
17 Fjaler	394	382	377	463	472	507	417	458	428	404
18 Flora	402	437	459	456	445	495	477	479	503	501
19 Førde	510	541	535	574	553	571	548	554	543	532
20 Gaular	399	443	490	520	510	506	477	469	494	563
21 Gloppen	436	477	481	558	558	588	632	549	540	522
22 Gulen	238	225	304	309	307	273	273	230	177	138
23 Hornindal	368	368	359	365	300	265	260	269	245	228
24 Hyllestad	493	566	544	607	599	619	680	738	583	428
25 Høyanger	474	480	550	566	589	552	531	572	548	644
26 Jaføler	482	595	557	547	536	580	566	549	496	488
27 Leikanger	289	403	363	413	503	512	452	409	516	391
28 Luster	316	354	385	384	433	413	405	443	447	399
29 Lærdal	412	480	412	488	509	576	555	551	553	640
30 Naustdal	539	573	584	577	582	610	583	595	619	559
31 Selje	399	458	531	537	626	636	566	485	481	491
32 Sogndal	400	472	463	470	479	454	457	423	444	429
33 Solund	225	253	244	284	311	299	305	293	304	336
34 Stryn	393	394	395	399	406	424	390	441	486	452
35 Vik	241	260	347	361	332	392	380	345	321	340
36 Vågåsey	443	434	433	405	494	518	539	511	509	451
37 Årdal	346	392	382	510	480	484	475	466	498	464

- 8 **PDF :** Eksporter f.eks. ein tabell til PDF. Du kan i neste omgang velge søyle- eller Linjediagram og kopiere/limme dei rett inn i same pdf. Greit ved utforming av rapportar etc.
- 9 **Utskrift**
- 10 **Lag Link** (som lenker direkte til det utvalet du ønskjer å vise)
- 11 **Hjelp** (Link til hjelpesidene til Norsk Senter for forskningsdata, som eig Nesstar-programmet)

F) Endre utvalet/dataomfanget

Geografi: Blandet Periode: År HF: Alle HF Alder: Alle Måltall: Med. akuttinnleggingar pr 1000

Region	2014	2015	2016	2017	2018	2019*
BoOmr	82	81	80	79	78	80
Kommune	85	87	86	86	85	86
Endre utvalg...	86	88	88	86	85	87
Flytt til kolonne	87	89	88	87	85	88
Bruk som filter	99	96	99	108	95	93
Sett inn kalkulerings						
1233 - Ulvik						

For å velge ut t.d. enkelt kommunar, bestemte årstal, aldersgrupper eller måltal må ein bruke nedtrekksmenyane. Desse finn du rett over tabellen. Vel «**Endre utvalg**» i nedtrekksmenyen for den aktuelle kategorien du vil endre. Inndeling av nedtrekksmenyane vil kunne variere noko mellom dei ulike variablane.

Døme på bruk av Samhandlingsbarometeret

Medisinske akutte korttidsinnleggingar frå kommunane

Eit sentralt mål i samhandlingsreforma var at kommunane skulle overta meir av pasient- behandlinga.

Kommunane fekk etterkvart Kommunale Akutte Døgnplassar (KAD) der nokre pasientgrupper skulle ha eit alternativ til sjukehusinnlegging.

Ein av grunngevingane for KAD var at dei skulle avlaste sjukehusa for pasientar som tidlegare hadde korte innleggingar for enkle medisinske problemstillingar. **Eit spørsmål vert då i kva grad kommunane har nådd målet om å overta behandlinga for desse pasientane.**

Samhandlingsbarometeret har difor ein variabel for medisinske akuttinnleggingar med varigheit opp til 2 døgn basert på medisinske DRG (Diagnoserelaterte grupper). Datakjelde her er Norsk Pasientregister (NPR) (sjå meir under Definisjon i Barometeret).

Periode	2013	2014	2015	2016	2017 [▲]
GeoOmr					
BoOmr: Helse Stavanger HF	41	34	34	35	36
Norge	50	41	41	41	40
Helse Vest	53	42	44	45	44
BoOmr: Helse Førde HF	50	45	46	46	46
BoOmr: Helse Bergen HF	59	46	49	50	48
BoOmr: Helse Fonna HF	62	49	50	52	51

Vi ser her ein klar nedgang i omfanget av medisinske korttidsinnleggingar for alle opptaksområda innan Helse Vest frå 2013 til 2014, medan det sidan har vore lite endringar. Det er markerte skilnader mellom Helse Stavanger og Helse Fonna.

Eit neste spørsmål kan vere i kva grad desse pasientane vert behandla innanfor eige helseføretak, eller også går til andre føretak (pasientflyt)?

Om ein her ser på t.d. Helse Fonna:

Alle HF	62	49	50	52	51
Finnmarkssykehuset HF	-	-	-	-	-
Haraldsplass Diagonale sykehus AS	0	0	0	0	0
Haugesund sanfor revmatismesykehus	-	-	-	-	-
Helgelandssykehuset HF	-	-	-	-	-
Helse Bergen HF	3	2	3	3	3
BoOmr: Helse Fonna HF	56	44	46	47	46
Helse Førde HF	0	0	0	0	0
Helse Stavanger HF	2	1	1	1	1
Nordlandssykehuset HF	0	0	0	-	-
Stiftelsen Betanien Bergen	-	-	-	-	-
Universitetssykehuset i Nord-Norge HF	0	-	-	0	0
-øvrige HF	1	1	1	1	1


Vi ser då at desse pasientgruppene i all hovudsak også vert behandla innanfor det lokale helseføretaket (46 av 51; dvs. 90%), medan nokre få går til Helse Bergen og Helse Stavanger.

Er det store skilnader når vi ser på kommunenivået?

Datasett: Medisinske akutte korttidsinnleggingar (0-2 døgn, medisinske DRG)

Kilde: NPR/SSB NB! Alle rater er rekna om til 1-årsrate.


GeoOmr: Kommune Periode: År HF: Alle HF alder: alle Måltall: medAkuttinleggesar_rate1000



Vi har valt fire ulike kommunar i Hordaland, og ser her markerte skilnader mellom Radøy kommune nord for Bergen og Kvam kommune aust for Bergen.

Korleis er dette i høve dei eldste pasientgruppene?

Vi veit at behovet for helsehjelp aukar når folk passerar 80-årsalderen. Over denne alderen kan det også vere særleg belastande med hyppige og korte omskifte i miljøet rundt pasienten.



Her ser vi på kommunane Radøy og Kvam. Det er ein klar auke i korttidsinnleggingar for dei eldste pasientane (over 80 år) frå Radøy, medan det er motsett utvikling for aldersgruppa under (mellom 70 og 80 år). Kvam kommune er meir prega av stabilitet.

Det er difor naturleg i samhandlingsarbeidet å reflektere vidare saman med desse kommunane kvifor det er

såpass store skilnader mellom kommunar.

Ein kan også sjå på ulike **Kostratal** for dei aktuelle kommunane. Desse finn ein også i Samhandlingsbarometeret.